



# Reglement for godtgjersle FJORD KOMMUNE

## Samandrag

Dette dokumentet gjeld reglar for godtgering og anna kompensasjon i planleggingsprosessen med å byggje Fjord kommune fram til 1.1.2020. Godtgjeringa gjeld politikarar i fellesnemnda og andre politiske utvalg, arbeidsgruppedeltakarar oppnevnt i prosjektet, tillitsvalte og vernetjenesta.

Vedteken i fellesnemnda 21.11.2017

\*endringar og tillegg sjå side 5 og 6



# Reglement for godtgjersle - Fjord kommune

## Innhald:

Innleiing.....	3
Godtgjersle og kompensasjon.....	4
<b>Fellesnemnda sine medlemmar.....</b>	<b>4</b>
Møtegodtgjersle.....	4
Tapt arbeidsforteneste.....	4
Ulegitimert tap av arbeidsforteneste.....	4
Reisegodtgjersle.....	4
<b>Politiske arbeidsgrupper.....</b>	<b>4</b>
Møtegodtgjersle.....	4
Tapt arbeidsforteneste.....	4
Ulegitimert tap av arbeidsforetneste.....	4
Reisegodtgjersle.....	4
<b>Administrative arbeidsgrupper.....</b>	<b>4</b>
Møtegodtgjersle.....	4
Kompensasjon for gruppeleiaransvar.....	4
Tapt arbeidsforteneste.....	4
Reisegodtgjersle.....	4
<b>Tillitsvalte og vernetenesta.....</b>	<b>5</b>

Møtegodtgjersle.....	5
Tapt arbeidsforteneste.....	5
Reisegodtgjersle.....	5
<b>Endringar og tilføyingar etter vedtak.....</b>	<b>5</b>
Endringar og frkjøp HTV/HVO.....	5
Partsamansett utval PSU for Fjord kommune.....	6

## Innleiing

Dette dokumentet gjeld reglar for godtgjersle og anna kompensasjon i planleggingsprosessen fram til 1.1.2020. Godtgjersla gjeld politikarar i fellesnemnda og andre politiske utval, arbeidsgruppedeltakarar, tillitsvalte og vernetenesta. Fjord kommune mot tok hausten 2017 ein eingongsstønad på 20 mill. kr. Det skal nyttast av desse midlane til å dekkje godtgjersle og kompensasjon til deltakarane i prosjektet.

Arbeid fram til ny kommune 1.1.2020 vil berøre alle på ein eller anna måte. Alle sider ved arbeidet kan ikkje godtgjerast, men intensjonen er å kompensere meirarbeid utover eit visst nivå. Tanken er at ingen skal kome skadelidande ut av prosessen. Reglementet tek sikte på å vere uttømmmande.

Møtegodtgjersle og erstatning for tapt arbeidsforteneste er oppgåvepliktig og skattepliktig. Det vert berre gitt møtegodtgjersle for møter som er omtalt i dette dokumentet.

Dersom noko er uklart må de konferere leiar i fellesnemnda eller prosjekteiar for utdjuping.

## Godtgjersle og kompensasjon

### Medlemmer i Fellesnemnda

#### Møtegodtgjersle

Medlemmer i fellesnemnda har kr 800,- i møtegodtgjersle per møte. Vara har møtegodtgjersle ved deltaking i møtet. Ordførarar i full stilling får ikkje møtegodtgjersle.

#### Tapt arbeidsforteneste

Politikarar som ikkje har rett til permisjon med lønn for å delta i møte, får dekt dokumenter tapt arbeidsforteneste inntil kr 4000,-pr.dag.

#### Ulegitimert tap av arbeidsforteneste

Medlemmar i fellesnemnda som ikkje krev tapt arbeidsforteneste, kan søkje om eit maksbeløp for ulegitimert tap av arbeidsforteneste på inntil kr 1600.

#### Reisegodtgjersle

Reisegodtgjersle vert dekt etter statens satsar. Krav skal sendast til eigen kommune, som samlar og sender faktura kvar 3. månad til Fjord kommune.

## Politiske arbeidsgrupper

#### Møtegodtgjersle

Medlemmar i politiske arbeidsgrupper får kr 600,- i møtegodtgjersle per møte.

#### Tapt arbeidsforteneste

Politikarar som ikkje har rett til permisjon med lønn for å delta i møter, får dekt dokumentert tapt arbeidsforteneste inntil kr 4000,-pr.dag.

#### Ulegitimert tap av arbeidsforteneste

Medlemmar i politiske arbeidsgrupper som ikkje krev tapt arbeidsforteneste, kan søkje om eit maksbeløp for ulegitimert tap av arbeidsforteneste på inntil kr 1600.

#### Reisegodtgjersle

Reisegodtgjersle vert dekt etter statens satsar. Krav skal sendast til eigen kommune, som samlar og sender faktura kvar 3. månad til Fjord kommune.

## Administrative arbeidsgrupper

#### Møtegodtgjersle

For deltaking i administrative arbeidsgrupper vert det ikkje gitt møtegodtgjersle dersom det vert sett inn vikar. Tilsette som ikkje vert erstatta av vikar, får ei møtegodtgjersle på kr 600,- per møte.

#### Kompensasjon for gruppeleiaransvar

Gruppeleiar får ein kompensasjon med eit grunnbeløp på kr. 7000,- pr. år for gruppeleiaransvaret. Gruppene er ulike både i storleik, fagområdet og omfang. Gruppeleiar fører difor eit timeregnskap for bruk av all ekstra tid, og i dialog med prosjektleiar skal det vurderast eventuelt ekstra kompensasjon.

### Tapt arbeidsforteneste

Dette er ikkje aktuelt for administrativt oppnemnte arbeidsgruppedeltakarar.

### Reisegodtgjersle

Reisegodtgjersle vert dekt etter statens satar. Krav skal sendast til egen kommune, som samlar og sender faktura kvar 3. månad til Fjord kommune.

### Tillitsvalte og vernetenesta

Tillitsvalte og vernetenesta deltek i møter innanfor arbeidstida. Ved behov for innleige av vikar for tillitsvalt eller verneombod, samlar og fakturerer kommunane dette til Fjord kommune.

### Møtegodtgjersle

Tillitsvalde og verneombod vert ikkje gitt møtegodtgjersle dersom det vert sett inn vikar. Tillitsvalde som ikkje vert erstatta av vikar, får ei møtegodtgjersle på kr 600,- pr møte.

### Tapt arbeidsforteneste

Dette er ikkje aktuelt for tillitsvalte og vernetenesta.

### Reisegodtgjersle

Reisegodtgjersle vert dekt etter statens satsar. Krav skal sendast til egen kommune, som samlar og sender faktura kvar 3. månad til Fjord kommune.

### Vedteke i fellesnemnda 21.11.2017

#### Endringar og tilføyingar etter vedtak

##### Ny handsaming i fellesnemnda 19.12.2017 (sak 06/19.12.17)

- 1. Fellesnemnda vedtek å gje hovudverneomboda i Norddal og Stordal kommunar inntil ei dagslønn per månad for meirarbeid med bygging av Fjord kommune.*
- 2. Godtgjersla gjeld med verknad frå desember 2017 og til desember 2019.*

##### Ny handsaming i fellesnemnda 13.02.2018 (sak; 08/18)

*Saka vert utsett og sendt attende til arbeidsutvalet.*

##### Ny handsaming i fellesnemnda 18.03.2018 (sak; 19/18)

- 1. Fellesnemnda gjer om inkje vedtak av 19.12.17 sak 06 om inntil ei dagslønn per månad for hovudverneomboda i prosjektperioden, og godtgjersle for arbeid i prosjektperioden vert i høve vedteke godtgjerslereglement.*
- 2. Fellesnemnda understrekar at det vert gitt møtegodtgjersle der det ikkje vert sett inn vikar.*
- 3. Fellesnemnda vedtekt at medlemmar i fellesnemnda eller politiske arbeidsgrupper som ikkje krev tapt arbeidsforteneste, kan søkje om eit maksbeløp for ulegitimert tap av arbeidsforteneste på inntil kr 1600 per dag.*
- 4. Fellesnemnda sine vedtak om godtgjersle geld frå november 2017 og til prosettet vert avslutta.*

*Ein viser og til punkt i Hovedavtalen del B§3-4, 4.ledd «Rett til fri frå ordinært arbeidstillitsvalte sin rett til tenestefri for å utføre sine oppgåver»*

**Ny handsaming etter s nad om frikj p for HTV og HVO i fellesnemnda 11.12.18 i sak 072/18**

1. Fellesnemnda vedtek ei frikj psordning for HTV/HVO.
2. Frikj p tilsvarande forventa lengd p  m tet.
3. Avgrensa til inntil fire timar per m te.

**Handsaming av godtgjersle for PSU i fellesnemnda 18.12.18 i sak 080/18**

1. Fellesnemnda vedtek ei godtgjersle p  600 per m te i PSU ( for politisk valte)
2. For tillitsvalte gjeld allereie vedtekne satsar

*(Det vart pressert at godgjersla er uavhegig av andre m ter i tilknytning til PSU sine m ter.)*